

Uskedalsmotiv på Sundeplakat.

15.06.2017



På plakaten til den nyskapande festivalen Sundesprell finn vi eit uskedalsmotiv.

I helga vert festivalen Sundesprell skipa til. Det er ei nyskaping, ei helg med sprelske aktivitetar på Sunde. Plakaten er godt utforma med god informasjon. I botnen ligg eit uskedalsmotiv med bakarane Leif Olderkjer og Hilmar Sætre. Bilete er utlånt og henta frå biletsamlinga til Harald Sætre.

Helmer Sætre kom til Uskedalen i 1938, bygde hus på tomta Sagatun og starta opp med baking i 1939. Før det hadde han vore bakar på Seimsfoss. Leif Olderkjer frå Sunde gjekk i bakarlære hos Sætre og hadde arbeidet sitt der på 1940 talet. Kona, Sylvi, var dotter til Marta og Mandius Myklebust. Olderkjer var med i ungdomslaget og var formann i året 1948. Leif Olderkjer starta sitt eige bakeri i Træsbygda på Sunde i 1950.

Motivet med dei to bakarane er teke utanfor bakeriet til Sætre. Dei står og støttar seg til skulegjerde. Vi ser skuleplassen før den vart utvida og i bakgrunnen ligg gardstunet til Thor T. Myklebust. Bilete kan vera frå krigsåra eller frå 1945 og utover. Det er ikkje kjend kven som er fotografen. Harald Sætre fortel at både Selmer Hansen og far hans var tidleg ute med fotografering. I samlinga si har han mange interessanne motiv frå bakeriet, huset og miljøet rundt.

Eit uskedalsmotiv på ein plakat for ein nyskapande festival på Sunde er ei god sak. Uskedalen.no helsar festivalen velkomen og vil alt det beste for tilskipinga med mange flotte sprell.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Utlånt frå Harald Sætre



Her er same motivet, med bakarane Leif Olderkjer og Helmer Sætre. I bakgrunnen ser vi den gamle skuleplassen, utedoen/skytja til skulen og gardstunet til Thor T. Myklebust.